

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-252, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/21	Alver formannskap	04.02.2021
012/21	Alver kommunestyre	18.02.2021

Retningslinjer for handsaming av Startlån

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek retningslinjer for handsaming av Startlån slik dei ligg føre i vedlegg til saka.

Alver formannskap 04.02.2021:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå A.Byrknes-KRF:

1. Startlån kan brukes som eigenandel til anna lån i bank.
Framlegget vart samrøystes vedteke.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 007/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek retningslinjer for handsaming av Startlån slik dei ligg føre i vedlegg til saka med følgjande tillegg:

Startlån kan brukes som eigenandel til anna lån i bank.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Framlegg frå AP ved S.Hauge-AP:

Som innstilling frå formannskapet, med endring i første kulepunkt med følgjetekst.

Endring:

Alver kommune prioritera barnefamiliar og personar som har delt omsorg og/eller samværsrett med barn. Videre skal Husbanken sine retningslinjer for utlån også nyttast som argument og grunnlag i vurdering av saker.

Framlegget fekk 8 røyster og fall (A.G. Eide-AP, S. Hauge-AP, T. Øvretveit-FrP, J.Borlaug -AP, N. Bognøy-AP, K. Floen-AP, T. Skurtveit-AP, Ø. Oddekalv-AP)

Framlegg frå H, SP og KRF ved T.Larsen-H:

Endring første punkt:

Alver kommune prioriterer barnefamiliar.

Personar i sårbare livssituasjonar vert også høgt prioritert, etter ei konkret og individuell vurdering.

Framlegget vart vedteke med 45 røyster, mot 1 (S.Hauge-AP)

Framlegg frå M.Klementsens-Uavh.:

Alver kommunestyre vedtar å følge Husbankens reglement når det gjeld Startlånmidler.

Framlegget fekk 12 røyster og fall (M.Klementsens-Uav., S.Hopland-Uav., E.Nævdal-Uav., H.Dale-Uav., T.Sletten-Hansen-Uav., H.Breivik-Uav., S.Toft-V, M.Færø-Uav., S.Knudsen-Uav., H.Fyllingsnes-Uav., T.Helland-Uav. og Y.Walaker-Uav.)

Innstillinga frå formannskapet med endring vart samrøystes vedteke

KO- 012/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek retningslinjer for handsaming av Startlån slik dei ligg føre i vedlegg til saka med følgjande tillegg:

Startlån kan brukes som eigenandel til anna lån i bank.

Endring første punkt:

Alver kommune prioriterer barnefamiljar.

Personar i sårbare livssituasjonar vert også høgt prioritert, etter ei konkret og individuell vurdering.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Bustadkontoret opplever ei auke i mengda søknader om startlån til kommunen. Grunna dei utfordringane som næringslivet møter knytt til Covid-19-pandemien, kan ein forventa ei auke av søknader i tida framover. Mange står i ein usikker arbeidskvardag med oppseiingar og permitteringar.

Ei kartlegging av samanliknbare kommunar, syner at dei fleste større kommunane har eigne retningslinjer/vilkår for å kunne søkje om startlån, utover det som kjem fram i «Forskrift om lån frå Husbanken» (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-11-18-1546>).

Saksopplysningar:

Kommunen forvaltar Husbanken si ordning med Startlån. I 2020 fekk Alver kommune inn 229 startlånssøknader og innvilga 153 lån på tilsaman 95 millionar kroner.

Startlån frå kommunen kan innvilgast til dei som har hatt langvarige problem med å få lån i vanleg bank til å kjøpe eller tilpasse eigen bustad. Dei fleste søkjarar har ikkje høve til å spare opp eigenkapital. Husbanken har sett opp ei rekke sentrale kriterier for tildeling av Startlån.

For å gjere arbeidet med startlånssøknadene lettare og kunne gje innbyggjarane tydelegare informasjon om kven som kan forventa å få innvilga lånesøknad ønskjer administrasjonen å kunne vise til eit enkelt sett med retningslinjer som gjeld for Alver kommune i tillegg til dei ordinære krava sett av Husbanken. Her tydeleggjer ein korleis ein tolker nokre av dei ulike kriterier som ligg til grunn for å kunne gje Startlån gjennom Husbanken. Kriterier som er omtalt i retningslinjene vil kunne hjelpe kommunen med å likebehandle søkjarane og grunngje svara til innbyggjarane på ein heilskapleg måte.

Det vert presisert at framlegget er retningslinjer og ikkje reglar. Slik vil ein også ha høve til å gjere særskilde vurderingar i saker der det er behov for det.

Vurdering:

Ved å etablere eit sett med retningslinjer for handsaming av Startlånssøknader vil prosessen med vurdering av søknadene kunne bli meir føreseieleg for søkjar. Sakshandsamarar i bustadkontoret vil kunne vurdere saker ut frå same tolkning av regelverk og forskrifter og gje innbyggjarane tydelegare og godt grunngjevne svar på

søknader. Retningslinene kan hjelpe kommunen til å enklare sikre likebehandling i sakene.

Vedlegg i saken:

25.01.2021	Retningsliner for handsaming av Startlån i Alver kommune	1503514
------------	--	---------